



Årdal kommune

Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne

MØTEPROTOKOLL

Møtedato: 16.11.2020

Møtetid:

Kl. 09.30 - 11.00

Møtestad:

Saksnr.:

Følgjande medlem møtte	Parti
Heidi Mørkrid	
Karin Moen	
Patricia Seglem Lægreid	
Øystein Jarle Wangen	
Line Hillestad	AP

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedlem møtte	Parti
Dag Audun Strand			

Møteleiar:	Øystein Jarle Wangen
Frå adm. møte:	Kommunalsjef Helse: Mette Hestetun Berg Sekretær: Lene Risløw
Dokument utlevert i møtet:	
Synfaring:	

Underskrifter:

Patricia Seglem Lægreid

Heidi Mørkrid

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
014/20	Godkjenning av innkalling, signering av møteprotokoll
015/20	Informasjon frå Tildelingskontoret
016/20	Utfordringar for brukargruppa i Årdal kommune
017/20	Ymse

014/20: Godkjenning av innkalling, signering av møteprotokoll

16.11.2020 Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtebehandling:

Patricia S. Lægreid og Heidi Mørkrid signerar

Kområd- 014/20 Vedtak:

Patricia S. Lægreid og Heidi Mørkrid signerar. Samrøystes vedteke

015/20: Informasjon frå Tildelingskontoret

16.11.2020 Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtebehandling:

Elin Eldegard, leiar på tildelingskontoret, kjem inn i møtet og fortel om kva deira oppgåver er. Etabl hausten 2018.

Behandlar alle søknadar ang helse og omsorgstenestar. Fortel og om måten dei arbeidar. Byrjar alltid på lågaste nivå med bistand og jobbar oss oppover etter kvart. Hjelpa til å mestra kvardagen mest mogleg i eigen heim.

Prosjekt "kvardagsrehabilitering" på tildelingskontoret. Der brukarar vert testa med eit håp om at spesielt eldre skal føla seg trygg på å kunne bu heime lengst mogleg. Testar dette ut i Øvre. Bygga mestingsfølelsen hjå brukaren. Iniativtakar Anne Sofie Huset Sørhage.

Anne Sofie Huset Sørhage, koordinerande eining (prosjekt) og individuell plan: Lovpålagt. Fortel kva prosjektet går ut på. Prosjektet går til 31.12.20. Alle som har individuell plan vil bli koordinert i denne eininga, som ligg under Tildelingskontoret. Har digitalisert saksgongen i Koordinerande eining, Sampro.

Kområd- 015/20 Vedtak:

Informasjon er teke til viten.

016/20: Utfordringar for brukargruppa i Årdal kommune

16.11.2020 Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtebehandling:

Bjørn Indrebø, Temaplan for trafikktrygging i Årdal. Søknar midlar årleg frå fylkeskommunen, for å få gjort tiltak på planen. 50-60 innspel årleg, gjennomføringsgrad på ca 90-95%. Alle kan komma med innspel.

Driv å jobbar med neste plan. Tek uansett ting fortløpande når der dukkar opp prosjekt som passar.

Alle innspel vert teke med.

Rådet vil ta rundar med ergo, brukarar (bevegingshemma og synshemma), fysio og rådsmedlemmar. Ta rundar med ein tanke om at fortaua er rømningsveg for alle? Vinkelen på tilkomst til fortauet frå vegen er ofte for bratt.

Hastesaker kan kanskje takast via Årdal tenk tryggleik?

Bjørn seie at han jobbar med å få igong Ringbussen i Øvre att. Ser på bussruter.

Kområd- 016/20 Vedtak:

Saka er teke til viten, og rådet vil ta ein runde på Tangen og komma med innspel.

017/20: Ymse

16.11.2020 Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtebehandling:

Øystein visar til eit intervju på God morgon Norge med rullestolbrukar. Veldig opplysende.

Steinar Drægri har laga eit opplegg for opplæring av folkevalde. Lene avsjekkar dato og klokkeslett med Steinar og kallar inn.

Mette informerar at rådet vil bli teke med i arbeidet med utforming av Samfunnplanen og kommuneplanen.

Er det mogleg å ei opplæring i postlista, spørja Mona.

Oppsettet med oversikt over innkallingar og møteprotokollar.

Kområd- 017/20 Vedtak:

Saka er teke til viten.